

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 09.10.2019  
**SAKSHANDSAMAR:** Guro Mjanger/ Marit Solheim  
**SAKA GJELD:** **Statusrapport om forskning og innovasjon i Helse Førde**

**ARKIVSAK:** 2012/3702  
**STYRESAK:** **084/2019**

**STYREMØTE:** **28.10.2019**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek administrerende direktør sin statusrapport om forskning og innovasjon i Helse Førde til orientering.

## Oppsummering

Administrerende direktør legg med dette fram halvårleg rapport om forskings – og innovasjonsaktiviteten i Helse Førde. Ein utfyllande rapport er lagt ved.

Forsking er ei av kjerneoppgåvene til Helse Førde, og eit sentralt satsingsområde for føretaket. Det er starta ei opptrapping av ressursbruken knytt til forskning i 2019, som er planlagt å halde fram i åra framover.

Også på innovasjonsfeltet aukar vi aktiviteten, og har i år for første gong lyst ut interne innovasjonsmidlar. Eit nytt tiltak er traineestilling knytt til innovasjon og tenesteutvikling gjennom traineordninga til Framtidsfylket, <https://www.framtidsfylket.no/>

## Fakta

Det var lagt fram for styret ein omfattande rapport på forskning og innovasjon våren 2019 (sak 048/2019 og 049/2019). Denne rapporteringa tek kort føre seg oppdateringar på kva som har skjedd sidan sist, sjå vedlagde rapport.

Det har også dette halvåret vore høg aktivitet i dei to tematiske forskingsgruppene (Folkehelse, livsstil og overvekt og Psykisk helse og rus), med omfattande publisering. Det er eit nært samarbeid om det felles forskingsprosjektet «NORSE: Building bridges between psyche and soma through personalized and dynamic mental health systems» (<https://app.cristin.no/projects/show.jsf?id=657406>). Prosjektet er inne i ein fase med stor aktivitet knytt til datainnsamling. Dei fleste publikasjonane kjem i ein seinare fase.

Helse Førde er i gang med å trappe opp forskingsaktiviteten, og i 2019 har både tal prosjekt og støttesystemet rundt forskinga vert styrka. I haust har det vorte lyst ut og tildelt eit PhD-stipend med garanti for fullfinansiering. Det er første gong HFD har hatt ei tematisk open utlysing av ein slik stipendgaranti.

Også innan innovasjon er det auka aktivitet, mellom anna er det lyst ut interne midlar for første gong. Neste år vil Helse Førde delta i Framtidsfylket si traineordning, og tilsetje ein trainee som skal arbeide med innovasjon og tenesteutvikling.

## Arbeid med forskingsstøtte og infrastruktur

### Kliniske legemiddelstudiar

Det er eit nasjonalt mål at fleire pasientar får tilbod om å delta i kliniske behandlingsstudiar. Dette målet gjeld også pasientar som får behandling i Helse Førde. Utprøving av legemiddel er dei mest vanlege kliniske behandlingsstudiane. Deltaking i slike studiar gjev pasientar høve til å vere med i utprøvande behandling. Eit nasjonalt indikatorsystem for å rapportere på ulike indikatorar er utvikla, og dette skal inngå i det nasjonale målesystemet for forskning. Helse-

og omsorgsdepartementet arbeider også med ein handlingsplan for kliniske legemiddelstudiar, som eit ledd i oppfølging av Helsenæringsmeldinga (st. meld. st.18). Handlingsplanen skal vere ferdig i 2020.

### **Kvalitetssystem for forskning**

HFD har i lengre tid arbeidd med å utvikle og ferdigstille eit brukarvennleg kvalitetssystem for forskning tilpassa medarbeidarar med ulik kompetanse og ulike roller i forskingsprosjekt. Arbeidet er no ferdig og kvalitetssystemet ligg tilgjengeleg i kvalitetshandboka på nett. Både personvernombod og tilsette i seksjon for forskning og innovasjon har delteke i arbeidet, i tillegg til at kvalitetssystemet er testa ut på enkelte forskarar for å sikre at det som står der er på eit forståeleg språk. Det er planlagt ein prosess for implementering der ein ønskjer å nå breitt ut i klinikkane og på avdelingane med informasjonsmøte, i tillegg til å arrangere kurs for mindre grupper. Dette arbeidet startar i november.

### **eProtokoll**

eProtokoll er no klart til bruk i Helse Førde. Dette er ein portal for å utarbeide og registrere nye personvernmeldingar, sakshandsamingsverktøy for personvernomboda (PVO) i helseføretaka, og ein portal som gjev institusjonen ei samla oversikt over pågåande prosjekt som krev godkjenning frå PVO. Portalen er utvikla av Kompetansesenter for klinisk forskning i Bergen (KKF).

### **Regionale arbeidsgrupper for å bygge infrastruktur**

Helse Førde deltek i fleire arbeidsgrupper sett ned av Samarbeidsorganet for forskning og innovasjon i Helse Vest- Dei fleste omfattar oppfølging av rapport frå utval sett ned av Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet; *Samordning mellom universiteter og helseforetak*. Gruppene arbeider m.a. med avtaleverket rundt forskning og datahandtering og tilgjengeleggjering av data.

### **Status innovasjon**

Helse Førde arbeider for å styrke innovasjonsaktiviteten i føretaket. Eit viktig verkemiddel er innovasjonsstillinga vi samarbeider med Kunnskapsparken og Høgskulen på Vestlandet om. Spreiing av informasjon om moglegheiter, etablering av nettverk, støtte til idear og etablerte innovasjonsprosjekt er del av oppgåvene. I 2019 har vi auka deltaking i, og sjølv arrangert, møteplassar for samhandling mellom næringsliv, akademia og offentleg sektor. Eitt arrangement er TekPrat-samlingar. Dette er eit konsept utarbeidd i Helse Vest IKT. Målet er ein felles arena mellom klinikarar, forskingsmiljø og næringsliv som grunnlag for å bli kjende med kvarandre, og legge til rette for samarbeid på tvers. Det er ulike tema for samlingane, men fellesnemnaren er teknologi og innovasjon. Helse Førde arrangerte sin første TekPrat i september, der tema var kunstig intelligens og maskinlæring. Nesten 100 deltakarar frå føretaket, akademia og næringsliv deltok ein føremiddag på sjukehuset. I oktober arrangerer vi saman med fleire partnarar vår første helseinnovasjonskonferanse

([www.helseinnovasjonskonferansen.no](http://www.helseinnovasjonskonferansen.no)) for å skape endå ein møteplass for samhandling og dialog med aktørar rundt oss.

Helse Førde har for første gong lyst ut interne innovasjonsmidlar i 2019. I tillegg er det sendt søknad frå fleire prosjekt om Helse Vest sine innovasjonsmidlar for 2020. Administrerande direktør meiner Helse Førde etter kvart har stor aktivitet på innovasjonsfeltet, også samanlikna med andre føretak, og opplever at dette vekker positiv merksemd andre stader.

### **Formidling**

Helse Førde sine tilsette har sidan sist rapportering deltatt med formidling i ulike former. Vi vil særleg trekkje fram dei nasjonale Forskingsdagane, der fleire frå Helse Førde deltok, m.a. på forskningstorget i Førde sentrum (<https://www.hvl.no/forsking/forskingsdagane/>).

### **Revisjon av forskings- og innovasjonsstrategi for Helse Førde.**

Det er sett i gang arbeid med å revidere noverande forskings –og innovasjonsstrategi. Prosjektgruppa er breitt samansett. Det vert lagt til rette for å komme med innspel, samt at det blir innhenta forslag frå organisasjonen og særleg forskarar. Dette arbeidet vil vere viktig i høve retningsval for aktiviteten framover, og opptrapping av forskning vil gje eit handlingsrom for strategisk utvikling av forskning og innovasjon.

### **Helseatlas og Samhandlingsbarometeret**


Helse Førde har etablert eit data- og analysemiljø som etter kvart har vorte nærare knytt til forskingsmiljøet i Helse Førde. Det er potensiale for nye spanande prosjekt som følgje av dette.

### **Kommentarar**

Helse Førde er i gang med å trappe opp forskingsaktiviteten. Både tal forskingsprosjekt og støttesystemet rundt forskinga har vorte styrka i 2019. Det er også aukande aktivitet i innovasjonsarbeid i føretaket.

### **Konklusjon**

Administrerande direktør legg med dette fram halvårsrapport for forskning og innovasjon. Ressursbruken knytt til forskning og innovasjon har auka gjennom året, og aktiviteten framover er under gradvis opptrapping.



# Halvårsrapport for 2019

Forskning og innovasjon i  
Helse Førde

Rapport utarbeidd av  
Marit Eva Solheim, Forskingsleiar  
Guro Mjanger, Seksjonsleiar  
Seksjon for forskning og innovasjon

Ansvarleg: Utviklingsdirektør Anne Kristin Kleiven  
Helse Førde, 18.10.2019.

# Innhold

## 1. Innleiing

**Fant ingen oppføringer i innholdsfortegnelsen.**

Vedlegg:

Pust deg betre onepager.....	18
PainPad onepager.....	19
ALIENS Study onepager.....	20

## 1. Innleiing

Denne rapporten gir oversyn over fokusområde og oppgåver i inneverande år, og omtalar planar for det vidare arbeidet. Eitt viktig satsingsområde er kliniske legemiddelstudiar. Dette er høgt prioritert nasjonalt. Helse Førde har fått på plass grunnkompetanse, men det er naudsynt å vidareføre og styrke dette arbeidet både med kunnskap og ressursar.

Det har også det siste halvåret vore høg aktivitet i dei to tematiske forskingsgruppene (Folkehelse, livsstil og overvekt, og Psykisk helse og rus). Dette året har dei samarbeidd tett om det felles forskingsprosjektet «NORSE: Building bridges between psyche and soma through personalized and dynamic mental health systems» (<https://app.cristin.no/projects/show.jsf?id=657406>). Prosjektet er inne i ein fase med stor aktivitet knytt til datainnsamling. Dei fleste publikasjonane kjem i ein seinare fase.

Helse Førde er i gang med å trappe opp forskingsaktiviteten, og i 2019 har auka ressursar resultert i fleire prosjekt og betre støttesystem. I haust har det for første gong i Helse Førde vore lyst ut og tildelt ei open tematisk utlysing av stipendgaranti garanti for fullfinansiering.

Også innan innovasjon er det auka aktivitet, mellom anna er det lyst ut interne midlar for første gong. Neste år vil Helse Førde delta i Framtidsfylket si traineeordning og tilsette ein trainee som skal arbeide med innovasjon og tenesteutvikling.

## 2. Kliniske legemiddelstudiar

Kliniske studiar vert utført på pasientar for å undersøke verknad av legemiddel eller andre behandlingsmetodar. Dei fleste kliniske studiar er legemiddelstudiar. Deltaking i slike studiar er det viktigaste verkemiddelet vi har for å kunne tilby pasientar utprøvande behandling. Det er eit nasjonalt mål at fleire pasientar hos, som elles i landet, får tilbod om å delta i slike studiar.

Hovudkjelda for finansiering av legemiddelstudiar er internasjonale legemiddelfirma. St.18 (2018-2019) *Helsenæringen* seier at samarbeidet med næringslivet innan kliniske studiar bør auke. Oppdragsdokumentet til Helse Vest påpeikar at kliniske studiar er eit viktig satsingsområde, og Helse Vest sitt styringsdokument til Helse Førde angir som mål i 2019 at nye kliniske behandlingsstudiar skal auke med minst 5 prosent samanlikna med 2017.

På oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) har universitetssjukehusa ansvar for infrastrukturen NorCrin <https://www.norcrin.no/>. NorCrin har som hovedmål å styrke og forenkle samarbeid innan klinisk forskning i Norge, og bidra til meir forskning, betre kvalitet og mindre administrasjon av studiar. NorCrin tilbyr m.a. kompetanseheving og rettleiing, og har utvikla rutinar det enkelte sjukehus kan ta i bruk med lokal tilpassing. Eit nasjonalt

indikatorsystem for å rapportere på ulike indikatorar er utvikla, og dette skal inngå i det nasjonale målesystemet for forskning. Helse- og omsorgsdepartementet arbeider med ein handlingsplan for kliniske legemiddelstudiar, som eit ledd i oppfølging av Helsenæringsmeldinga (Meld.St.18). Handlingsplanen skal vere klar i løpet av 2020.

Legemiddelstudiar fordrar god lokal infrastruktur, detaljerte rutinar og dedikert personell med spesialkompetanse. Det er vidare omfattande formalia knytt til slike studiar, særleg studiar finansierte av legemiddelfirma, såkalla oppdragsforskning.

### 3. 1. Studiar finansierte av legemiddelfirma

Proessen for å kunne delta i slike studiar er omfattande, og stiller høge krav til Helse Førde. Legemiddelfirma (sponsor) gjer ei omfattande kartlegging før det vert avklart kva sjukehus som vert inkludert i studiarn:



Det er kreftavdelinga som deltek i flest studiar i Helse Førde, og her har ein dei siste åra bygt opp kompetanse og betre system. Avdelinga har hatt ein studiarkoordinator dedikert til føremålet, som delvis har vore finansiert av eksterne gåvemidlar. For å sikre kontinuitet, kvalitet og vidare kompetanseheving i heile Helse Førde på dette området er det svært viktig å få vidareført ei stilling som studiarkoordinator, som kan arbeide på tvers av avdelingar som deltek i slike studiar eller ønskjer å delta i slike prosjekt.

I tillegg til å kunne gi utprøvande behandling til pasientar som elles har få behandlingalternativ, kan kliniske legemiddelstudiar finansiert av legemiddelfirma gi reduserte kostnader. Nye, svært dyre medisinar på marknaden som medfører utfordringar for budsjetttrammene i Helse Førde. I legemiddelstudiar dekkjer legemiddelfirma desse kostnadane, i tillegg til å gi ein kompensasjon for påført meirarbeid. Ein gjennomgang av to studiar ved kreftavdelinga i 2019 viste at desse prosjekta hadde ført til reduserte kostnader på omlag fem millionar kroner.

### 3. Helseatlas og samhandlingsbarometeret

To viktige mål for spesialisthelsetenesta er å hindre uønska variasjon og å prioritere rus og psykisk helsevern. Helseatlastenesta i Helse Førde er no i gang med eit oversiktsatlas innan psykisk helse og rus. Dette er planlagt publisert tidleg i 2020. Helseatlas har også datamateriale til å lage eit atlas på psykisk helse og somatiske helsetenester. Dette arbeidet vil ein starte på i 2020.

Ein har lukkast med å rekruttere svært kompetente tilsette til Helseatlas-teamet i Helse Førde, også forskingskompetanse (Phd). For å utvikle helseatlastenesta vidare ønskjer Helse Førde difor å knyte meir forskning til helseatlas framover. Dette har ein lukkast med i Senter for klinisk dokumentasjon og evaluering (SKDE)<sup>1</sup>, som er den andre eininga i Norge som arbeider med helseatlas. Helse Førde samarbeider allereie tett saman med SKDE, og dette samarbeidet vil ytterlegare styrkast gjennom forskingssamarbeid. SKDE har ein betydeleg kompetanse innan samfunnsvitskapleg forskning og helsetenesteforskning. Lenke til nasjonal helseatlasteneste:

<https://helseatlas.no/>

Også i Samhandlingsbarometeret

(<https://statistikk.samhandlingsbarometeret.no/webview/>) har ein tilsette med høg kompetanse, og det er etablert eit godt samarbeid om data og analyse i Helse Vest og med Helse Nord. Denne ressursen ønskjer Helse Førde å utnytte betre, og vil difor vidareutvikle samhandlingsbarometeret til også å kunne tilby meir djupare analysar av datamateriale som er tilgjengeleg i barometeret. Det pågår for tida ei evaluering av samhandlingsbarometeret for å sjå på framtidig organisering i Helse Vest.

### 4. Status søknadar om forskingsmidlar

Helse Førde lyser årleg ut opne og strategiske forskingsmidlar. I 2019 har det vore lyst ut kr 1 800 000, som er kr 300 000 meir midlar enn tidlegare grunna ei ekstra løying til forskning og innovasjon sommaren 2019. Vidare har det dette året vore ei tematisk open utlysing av eit PhD-stipend med garanti for fullfinansiering. Det er første gong HFD har hatt ei tematisk open utlysing av ein slik garanti., og det er no tilsett i denne stillinga.

Sidan førre rapportering har det vore to søknadsfristar for forskingsmidlar til Helse Vest. Den eine gjeld ny strategiske satsingar frå 2020-2024. Den andre er den årlege utlysinga av forskingsmidlar den 15. september.

---



<sup>1</sup> SKDR ligg til Helse Nord

#### 4.1 Søknadar om interne midlar

Sommaren 2019 var det ei ekstra utlysning av interne forskingsmidlar. Det kom inn tre søknadar, og alle fekk tildeling. To av desse er nye søkjarar..

Dei to siste åra har det vore ein klar auke med søknadar frå Medisinsk og Kirurgisk klinikk, og også ein klar auke av legar som søker på midlane. Begge deler har vore ei målsetjing.

Figurane under viser oversikt over søknadar og tildelte søknadar i 2019 fordelt på klinikkane<sup>2</sup>, og ein oversikt over søknadar på interne midlar i perioden 2016-2019. Det er høg innvilgingsprosent på søknadane, men fleire søker om meir midlar enn dei får tildelt.



HFD har denne hausten tildelt eit PhD-stipend med garanti for fullfinansiering. Det kom inn to søknadar, ein frå kirurgisk og ein frå medisinsk klinikk. Den vitenskaplege komiteen vurderte

<sup>2</sup> Stabsområdet her er Fag- og utviklingsavdelinga.

begge søknadane som støtteverdige. Begge er klinikknære, lokalt forankra med dedikerte prosjektleiarar som viser sterkt eigarskap til prosjekta sine.


Florin Hopland-Nechita, Kirurgisk avdeling. Tittelen på prosjektet er *Severity of lower urinary tract symptoms and its association with male sexual function, metabolic, hormonal and inflammatory parameters – a pilot study*. Målet med studiarn er å undersøke moglege samanhengar mellom alvorsheten av nedre urinvegs-symptom i forhold til risiko for progresjon og moglege komplikasjonar. Kandidaten har lokal rettleiar, og det er sett krav om å årleg søkje HV og/ eller andre kjelder om finansiering.

Det er eit definert mål for HFD å få opp fleire forskingsprosjekt som er klinikknære, lokalt forankra og av god kvalitet, særleg i somatikken. HFD vil så langt som mogleg tilrettelegge for at også den som ikkje fekk stipendgaranti kan få arbeide vidare med prosjektet under rettleiing og halde prosjektet gåande med tilfredstillande framdrift.

#### 4.2 Søknadar om eksterne midlar

Når det gjeld søknad om dei strategiske satsingane i Helse Vest, står ikkje Helse Førde som hovudsøklar, men er sentral vitskapleg partner i fleire søknadar der integrasjon av somatisk og psykisk helse er sentralt. I tillegg er HFD samarbeidspart i fleire andre søknadar. Svar på desse søknadane kjem i slutten av november.

Til den årlege søknadsfristen om oppe utlyste midlar i Helse Vest 15. september vart det i år sendt inn 8 søknadar frå Helse Førde. Det er høgare tal enn på lenge (med så små tal vil det vere årlege variasjonar). Tre av søknadane var frå Medisinsk klinikk, ein frå Kirurgisk klinikk, To frå PHV og to frå Fag og utviklingsavdelinga. I gjennomsnitt får HFD tildelt eitt stipend årleg. Svar på søknadane kjem i slutten av november.




## 5. Kvalitetssystem for forskning

HFD har i lengre tid arbeidd med å utvikle og ferdigstille eit revidert og meir brukarvenleg kvalitetssystem for forskning, tilpassa medarbeidarar med ulik kompetanse og ulike roller i forskingsprosjekt. Arbeidet har vore utført av tilsette i seksjon for forskning og innovasjon, i tillegg til Personvernombodet. Tekstar og prosedyrar har vore testa ut på klinikarar og forskarar undervegs for å sjå om dei har vore forståelege. Arbeidet er no ferdig.

Kvalitetssystemet ligg tilgjengeleg i den elektroniske kvalitetshandboka. Ein kortversjon av ulike fasar i forskingsprosessen, med kopling til ulike rutinar i kvalitetshandboka, er utarbeidd og ligg på HFD si heimeside. <https://helse-forde.no/forskning-og-utvikling/framgangsmate-for-forskning-i-helse-forde>

Ein ønskjer å nå breitt ut i klinikkane og på avdelingane med informasjonsmøter, i tillegg til kurs for mindre grupper. Implementering startar i november.



Framgangsmåte for forskning i Helse Førde

Her vil du som har lyst å starte med forskning, eller er i gang med forskingsprosjekt, finne nyttig informasjon for ein forskingsprosess. Informasjonen er også til prosjektmedarbeidarar, til dei overordna ansvarlege for forskning i Helse Førde, for dei som utøvar støttefunksjonar, og for samarbeidspartar i forskning.

Nedanfor vil du finne informasjon om søknader som må sendast, godkjenningar som må vere på plass, nyttige råd og retningslinjer i Helse Førde for ulike delar av eit forskingsprosjekt. For meir detaljar viser vi til internkontrollsystemet for forskning i Helse-Førde.

Definisjon av forskning ▼

- Planlegging
- Godkjenning
- Korleis skaffe pengar?
- Gjennomføring
- Avslutning
- Internkontrollsystemet for forskning i Helse Førde

## 6. eProtokoll

eProtokoll (<https://eprotokoll.ihelse.net/home>) er nyleg innført i HFD, og inngår i HFD sitt kvalitetssystem for forskning. I tillegg har det fleire andre funksjonar:

eProtokoll

- er ein portal der forskarar utarbeider og registrerer nye personvernmeldingar
- er sakshandsamingsverktøy for Personvernomboda (PVO) i HFD
- er ein portal som gjev HFD ei samla oversikt over pågåande prosjekt som nyttar personopplysningar, og korleis personopplysningar er behandla i desse prosjekta, mao: korleis personvernet er ivareteke
- inneheld offentleg tilgjengeleg informasjon om forskings – og kvalitetsprosjekt med personopplysningar er godkjende av HFD
- sparar dobbeltarbeid for både forskarar og sakshandsamarar

Portalen er utvikla av Kompetansesenter for klinisk forskning i Helse Vest, med støtte frå Helse Vest IKT, og er så langt teke i bruk i Helse Bergen og Helse Førde.

## 7. Revisjon av forskings- og innovasjonsstrategien

Helse Førde sin gjeldande strategi for forskning og innovasjon går frå 2014-2020, og ein revisjon pågår. Det er sett saman ei brei prosjektgruppe med deltakarar frå alle klinikkar, i tillegg til ein ekstern representant (fagdirektør i Helse Fonna). Prosjektet har vore gjennom ei omfattande datainnsamlingsfase med spørjeskjema og intervju med leiarar, forskarar, innovatørar og sentrale eksterne interessentar, og framlegging i ulike råd og utval. Dette er eit sentralt grunnlag for å tydeleggjere visjonar og utarbeide konkrete mål og tiltak. Arbeidet skal samanfattast i eit grunnlagsdokument og strategi. Framlegget skal handsamast i styringsgruppa og deretter leggst fram for Administrerende direktør før jul.

## 8. Opptrapping av forskingsaktiviteten i 2019 og 2020

Helse Førde sette i 2018 i gang ei opptrapping av ressursbruken knytt til forskning. Ved førre rapportering til NIFU (for 2017) brukte vi 0,3% av driftsinntektene til forskning, og det er grunn til å tru at ved neste rapportering (for 2019) peikar pila oppover. Tiltaka som kom på plass i løpet av 2019 er å styrke den forskingsadministrative støtta, auke kapasiteten på rettleiing til klinikkarar som ønskjer å starte opp prosjekt eller som allereie er i gang med prosjekt, og å tildele ein stipendgaranti for phd-løp.

I den vidare opptrappinga for 2020 er det no vesentleg å få på plass ein koordinator for legemiddelstudiar, som skal arbeide på tvers av klinikkane. For å sikre eit strategisk handlingsrom i høve den nye forskings –og innovasjonsstrategien, vil tiltak for delar av opptrappinga for 2020 bli vurdert når strategien er ferdig.

## 9. Status innovasjonsaktivitetar

Helse Førde har god driv i innovasjonsarbeidet, med fleire prosjekt av høg kvalitet. Dette ser ut til å vekkje positiv merksemd i andre deler av Helse Vest. I år har vi bidrege til fleire møteplassar på tvers av sektorar, der innovasjon er på agendaen. Ein av desse er TekPrat. Dette er eit konsept utarbeidd i Helse Vest IKT, som så langt har vore arrangert i Helse Bergen saman med ei rekkje partnarar. Målsetjinga med TekPrat er at klinikarar møter forskingsmiljø og næringsliv på ein felles arena for å mogleggjere samarbeid på tvers. Det er ulike tema for samlingane, men fellesnemnaren er teknologi og innovasjon.

Helse Førde arrangerte sin første TekPrat i september, der tema var kunstig intelligens og maskinlæring. Nær 100 deltakarar frå HFD, academia og næringsliv deltok ein føremiddag på sjukehuset. Planen er å arrangere TekPrat ein gong pr. semester. Helse Vest IKT ønskjer å breidde konseptet til Helse Stavanger og Helse Fonna.




Ein annan stor møteplass hausten 2019 er Helseinnovasjonskonferansen den 31.oktober i Førde ([www.helseinnovasjonskonferansen.no](http://www.helseinnovasjonskonferansen.no)). Konferansen har eit svært variert program, og målsetjinga er å treffe både næringsliv, academia og offentleg sektor. Tilbakemeldingane på programmet så langt har vore positive. Marknadsføring av konferansen pågår i desse dagar. Konferansen vert arrangert saman med ei rekkje partar.

Det er ønske om å få på plass meir uformelle møteplassar for innovatørar og medarbeidarar som er opptekne av forbetring og innovasjon. Dette kan vere ein pizza og pitch-kveld, eller eit lunsjmøte der nokon får presentere ein ide dei har. Slike tiltak vil vere viktige som ledd i kulturbygginga.

## 10. Status søknadar innovasjon


HFD lyste i år for første gong ut interne innovasjonsmidlar. Det kom inn sju søknadar, og tre . prosjekt fekk tildeling. Alle desse tre er pågåande prosjekt som treng midlar for vidareføring. Det var ingen søknadar frå Psykisk helsevern eller stabsområdet, mest truleg fordi dei store innovasjonsprosjekta i desse klinikkane har god finansiering i 2019.



Innovasjonsmidlar frå Helse Vest har også vore ei viktig inspirasjons- og inntektskjelde for å få opp nye prosjekt og sikre framdrift i prosjekta. Vi har hatt jamn søking til Helse Vest sidan dei starta utlysingane i 2015<sup>3,4</sup>


<sup>3</sup> Stabsområdet her er Fag og utviklingsavdelinga, og Drift og eigedom.

<sup>4</sup> Dei tre søknadane som vart sendt i haust for 2020 er lagt ved som onepagers.



Erfaringar så langt viser at prosjekt som handlar om å utvikle programvare eller applikasjonar er både tidkrevjande og kapitalkrevjande. Slike prosjekt fører også ofte til behov for integrasjonar og tenester frå Helse Vest IKT. Dette reiser prioriteringssjørsmål, då det er mange prosjekt som står i kø for å få integrert si programvare i dei eksisterande datasystema til Helse Vest IKT.

Det er krevjande, men ofte naudsynt, å søkje midlar fleire stader. Ei utfordring i slike prosjekt er å finne ein god finansieringsmodell. Eit vesentleg spørsmål er korleis ein skal komme over i drift og korleis ein skal klare å vedlikehalde ei eigenutvikla programvare/applikasjon.



Eitt av prosjekta som står midt i desse utfordringane er *Pust deg betre*. Essensen i applikasjonen er å hjelpe pasientar med slimproblematikk å få fjerna dette frå lungene ved hjelp av ulike pusteøvingar. Prosjektet har vore omtala tidlegare (sak 049/2019). Dette innovasjonsprosjektet har fått midlar frå Helse Vest i fleire omgangar, og har i 2019 lukkast å få 820.000 kroner frå Extrastiftelsen.

Prosjektet har i løpet av 2019 utvikla ein prototype 1.0. Det har vore ei omfattande brukartesting av applikasjonen, der prosjektet har hatt eit tett og godt samarbeid med Helse Vest IKT. Erfaringane ein har gjort seg i haust vert med i vidareutvikling av prototype 2.0. Midlane frå Extrastiftelsen skal nyttast til å lage prototype 2.0, samt å pilotere applikasjonen på LHL-sykehuset Gardermoen våren 2020. Den «mannlege» virtuelle pusteskikkelsen er no ferdig utvikla, og det vert arbeidd med å utvikle ein kvinneleg skikkelse. I

versjon 2.0 skal ein også få på plass fleire pusteøvingar.

Helse Førde er pilot i ein søknad om innovasjonskontrakt til Innovasjon Norge, der Airlift Solutions står som søker. Innovasjonskontrakt er eit verkemiddel for små og mellomstore bedrifter som ønskjer å komme seg inn på ein marknad, og for å stimulere til samarbeid mellom offentleg og privat sektor. Prosjektet, *Bruk av droner i helsevesenet*, har tidlegare også fått midlar gjennom Helse Vest i to fasar.

## 11. Vurdering

Det er god driv i både forskings –og innovasjonsaktiviteten i Helse Førde. Opptrappinga ein har starta i 2019 vil gi avkasting over tid, og det er viktig å ta steg år for år for å byggje ein forskings –og innovasjonsorganisasjon. Framleis er Helse Førde noko umoden både når det gjeld forskning og innovasjon, men dei prosjekta vi har, er gjennomgåande av god kvalitet. Det vert viktig i åra framover å ha fokus både på å vekst i denne verksemda, og samtidig ha god kvalitet på arbeidet.

## 12. Oppsummerande kommentar

Helse Førde har ei forsiktig opptrapping i forskingsaktiviteten og ser resultat i form av fleire nye forskarar og prosjekt. Det er god driv i innovasjonsaktiviteten, og stadig fleire nyskapande prosjekt og idear kjem frå fagmiljøa i føretaket. Helse Førde har fått breiare forskings- og analysekompetanse, mellom anna gjennom tilføring av oppgåva Helseatlas og teamet kring

Samhandlingsbarometeret. Samspelet mellom helsefagleg forskning og samfunnsforskning er eit spanande og ein ser potensiale for nye prosjekt.